HORDALAND FYLKESKOMMUNE
ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2019/10993-1

Saksbehandlar: Karl Viken, Ingvar Skeie, Pål Kleive

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkesutvalet | | 29.05.2019 |
| Fylkestinget | | 12.06.2019 |

# Tertialrapport pr. april 2019 - rekneskapsprognose

## Samandrag

Tertialrapporten etter 1. tertial viser prognose om eit negativt budsjettavvik for Hordaland fylkeskommune i 2019 på 60 mill. kr. Dette er ein del dårlegare enn prognosen som vart meldt pr. 1 tertial 2018; då var prognosen eit negativt budsjettavvik på 40 mill. kr.

Oppsummert rapporterer driftsavdelingane ein negativ prognose på 58 mill. kr. For andre postar er prognosen eit negativt avvik på 2 mill. kr; der det for pensjonskostnadene er prognose om negativt avvik på 7 mill. kr, negativ årsprognose på 5 mill. kr for konsesjonskraftinntektene og 10 mill. kr i positivt avvik for skattekapittelet.

Fylkesrådmannen vil særleg følgja opp sektorane samferdsel, opplæring og tannhelse. Alle desse sektorane melder større negative avvik, og det er framleis ein del usikkerheit rundt prognosane. Opplæringssektoren melder eit negativt avvik på 19 mill. kr og tannhelsesektoren melder negativ årsprognose på 10 mill. kr. Samferdselsektoren har det største negative budsjettavviket som årsprognose; 30 mill. kr. Som grunnlag for denne prognosen ligg eit resultat lik balanse for vegvedlikehaldet, og eit stort overforbruk på 30 mill. kr for kollektivområdet. Dei andre avdelingane har prognosar rundt balanse ved årets slutt.

I revidert nasjonalbudsjett for 2019, som regjeringa la fram 14. mai, vart overslaget for skatteinntektene i kommunesektoren for 2019 sett opp med 1,5 mrd. kr – av dette knapt 160 mill. kr for fylkeskommunane. Om det skulle slå til kan Hordaland fylkeskommune få omlag 6 mill. kr høgare skatteinngang enn det skatteoverslaget som er budsjettert. I tertialrapporten har ein lagt til grunn det endra skatteoverslaget frå sentralt hald.

Eit årsresultat lik prognosen pr. 1. tertial vil ikkje gje det naudsynte bidraget til å betre økonomisituasjonen til fylkeskommunen. Det vil heller ikkje betre evna til å handtera dei økonomiske utfordingane som nye Vestland fylkeskommune står overfor. Difor vil fylkesrådmannen ha stram styring vidare utover i 2019, slik at resultatet ved årets slutt kan verta betre enn det årsprognosen på noverande tidspunkt skulle tilseia.

Fylkesrådmannen vurderer det også etter 1. tertial som lite realistisk at det vert rekneskapsunderskot i 2019. Bakgrunnen for at det ikkje ser ut til å gå mot rekneskapsunderskot er at det i budsjettet for 2019 er sett av vel 73 mill. kr til finansiering av investeringar. Dette er ein minimumsbuffer for endringar i budsjettåret, og fylkesrådmannen vil understreka at den økonomiske stillinga for fylkeskommunen vil verte svekka om ein får eit budsjettmessig meirforbruk i 2019.

**Hordaland fylkeskommune**
ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Fylkesrådmannen har ikkje framlegg i saka om endringar av korkje driftsbudsjettet eller investeringsbudsjettet.

**Økonomi:** Ingen effekt, det vert ikkje gjort framlegg om endringar i vedteke budsjett
**Klima:** Ingen effekt i høve til vedteke budsjett.
**Folkehelse:** Ingen effekt i høve til vedteke budsjett.
**Regional planstrategi**: Ingen verknader i høve til vedteke budsjett.

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.05.2019**

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 1. tertial 2019:

| | Rekneskap pr.april. | Årsbudsjett 2019 | Forbruk i % av årsbud. |
|---|---|---|---|
| Administrasjon | 8 852 | 77 000 | 11,5 % |
| Fylkesvegar | 155 469 | 1 575 975 | 9,9 % |
| Bybaneutbygging | 331 331 | 1 764 000 | 18,8 % |
| Andre samferdselsføremål | 43 111 | 390 784 | 11,0 % |
| Kultur | 289 | 3 000 | 9,6 % |
| Tannhelsetenesta | 6 209 | 30 000 | 20,7 % |
| Opplæring | 117 305 | 434 200 | 27,0 % |
| Fellesfunksjonar | 690 | 10 000 | 6,9 % |
| **TOTAL** | **663 256** | **4 284 959** | **15,5 %** |

Status for framdrift og økonomi i dei enkelte investeringsprosjekta er omtalt nedanfor.

## Opplæring

Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren
Løyvinga for 2019 er på 75 mill. kr, og av dette er 53 mill. kr fordelt til prosjekt ved Sandsli videregående skole og Fyllingsdalen videregående skole. Det er vidare løyvd til tiltak ved Odda vidaregåande skule og Bømlo vidaregåande skule.

Framdrifta på dei ulike prosjekta er om lag som planlagd. Ein vurderer at ramma for i år er stram, men det er ikkje naudsynt med budsjettmessige endringar på noverande tidspunkt.

Skulebruksplan - planmidlar
Midlane er knyt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen, og andre endringar som er vedteke. Midlane vert primært nytta i tidleg fase; til prosjektering, planlegging, koordinering og utgreiingar. Samla forbruk i år ligg på 17,5 % av løyvinga for 2019.

Åsane vidaregåande skole
Det er så langt i år kostnadsført vel 35 mill. kr på prosjektet. Samla løyving i 2019 er på 250 mill. kr, og ein vil truleg få lågare forbruk enn budsjettert i 2019. Kostnadsramma for prosjektet ligg fast og planlagt ferdigstilling er som før til skuleåret 2020/2021.

Ein rår til at eventuell justering av løyvinga for inneverande år vert å kome attende til i samband med rapporteringa for 2. tertial.

Askøy vgs. - rehabilitering/tilbygg
Det er løyvd 29 mill. kr til prosjektet i 2019. Entreprenør er no tildelt kontrakt for nybygget, og samspelfasen er starta opp og vil vare ut hausten.

Forbruket for inneverande år ser ut til å bli noko lågare enn budsjettert, og justering av budsjettet vert å kome attende til i samband med rapporteringa for 2. tertial.

Stord vgs. – Rehabilitering / nybygg
Det er løyvd 15 mill. kr til prosjektet i 2019. Dialogen med kommunen knytt til eventuell sal av eksisterande bygg på Saghaugen, og samling av all fylkeskommunal aktivitet på Vabakken pågår. Løysinga med

kommunen vil kunne påverke storleiken på prosjektet. Prosjektet har seinare framdrift enn det som er planlagt.

Bømlo vgs. – tilbygg
Det er løyvd 1 mill. kr til prosjektet i 2019. Midlane er primært tenkt nytta opp mot planprosessar som pågår. Ein rår ikkje til endringar her.

Laksevåg
Programmering pågår og er snart ferdig. Det er naturleg å kome tilbake til eventuell justering av budsjettet i samband med rapporteringa for 2. tertial.

Langhaugen vgs
Planprosessen er starta opp, men kostnaden for 2019 vert noko lågare enn det som er løyvd.

Hjeltnes produksjonsskule
Som opplyst i budsjetteksten vil fylkesrådmannen nøye vurdere investeringane ved Hjeltnes produksjonsskule. Så langt ligg ein godt under vedtatt investeringsramme med dei tiltaka som er starta opp. Elevgrunnlaget ved skulen vil påverke storleiken på tiltaka, og ein kjem attende til dette ved 2. tertial.

## Samferdsel

Terminalbygg/sjåførfasiliteter
Det er i 2019 løyvd 10 mill. kr til formålet. Av dette er 2 mill. kr knytt opp til utbetring av snøggbåtkaier. Fordelinga på ulike kaiar er ikkje gjennomført, men det vil truleg verta eit mindreforbruk på denne posten i 2019.

Bybanen – vognmateriell
I budsjettet for 2019 er det sett av 5,4 mill. kr til sluttføring av ombygging av førarrom på bybanevognene. I tillegg er det planlagt kjøp av ekstra vogner til den nye strekninga mot Fyllingsdalen. Opsjon i kontrakt med Staedler skal nyttast til kjøp av 6 bybanevogner. Samla kostnad for kjøpet er vel 275 mill. kr; rekna etter gjeldane kurs i euro. Kostanden skal fordelast over perioden 2019 til 2022. Fylkesrådmannen vil koma attende til budsjettet for den delen som gjeld 2019 i rapporten etter 2. tertial.

Nye ferjekontraktar/elektrifisering
I budsjettet for 2019 er det sett av 173 mill. kr til ladeinfrastruktur og oppgradering av straumnett i samband med dei nye ferjekontraktane. Det er då teke omsyn til Enovatilskotet. Prognose etter 1. tertial er 111 mill. kr, men investeringssummen er no fordelt på åra 2019, 2020 og 2021 – eit år meir enn tidlegare lagt til grunn. Det er ikkje venta vesentlege avvik i den samla kostanden.

## Fylkesvegar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for nokre strekningsvise prosjekt, programområda, posten for opprusting og fornying og rassikringsprosjekta.

### Miljøløftet – store prosjekt

*Ringveg vest – byggjetrinn 2 (Bergen kommune)*
Prosjektet vart opna for trafikk i november i 2015. I budsjettet for 2019 er det løyvd 5 mill. kr til sluttarbeid innanfor elektro, styringssystem og overvaking. Elektroarbeida har teke vesentleg lengre tid enn lagt til grunn, men er no under avslutting.

Prognose for sluttkostnad for prosjektet er 1 783 mill. 2018-kr, og dette er 146 mill. kr lågare enn styringsramma slik den framgår av Prop. 108 S (2009-2010). Sluttavrekning vert gjennomført i 2019.

*Hjellestadvegen (Bergen kommune)*
Arbeidet på Hjellestadvegen starta opp i 2017. I budsjettet for 2019 er det sett av 35 mill. kr. Totalprognosen for prosjektet er rekna til 183 mill. kr. Framdrifta er noko seinka grunna utfordringar med grunntilhøve. Utbetringsarbeidet er planlagt ferdig i 2020.

## Miljøløftet – programområde

Til programområda i Miljøløftet er det budsjettert med 301 mill. kr i 2019. Midlane skal gå til:

- Kollektivtiltak
- Trafikktryggleikstiltak
- Miljøtiltak
- Gang/sykkeltiltak

Etter 1. tertial er det ikkje meldt om større avvik for prosjekta innanfor programområda.

## Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

*Askøypakken (Askøy kommune)*
I 2018 er det budsjettert med 173 mill. kr til prosjekt i Askøypakken finansiert med bompengar og fylkeskommunale midlar. Det pågår prosjektering og arbeid med grunnerverv for fleire strekningar. Det er lagt opp til anbodsutlysing for strekninga Skiftesvik – Marikoven sommaren 2019. Det er så langt meldt om mindreforbruk samanlikna med budsjettet.

*Bømlopakken (Bømlo kommune)*
Det er budsjettert med 171 mill. kr til Bømlopakken i 2019 fordelt med bompengar og fylkeskommunale midlar. Så langt er det meldt om mindreforbruk samanlikna med budsjettet.

Det er planlagt byggjestart i det neste store prosjektet i Bømlopakken fv. 541 Sakseid – Hestaneset i 3. kvartal 2019. Om lag halvparten av prosjektet er finansiert i gjeldande bompengepakke. Resterande del er planlagt finansiert gjennom revisjon av pakken og ligg inne som opsjon. Frist for å løyse ut opsjonen er 15.01.20. Ut frå normal sakshandsamingstid meiner fylkesrådmannen det er realistisk å forvente eit stortingsvedtak om utviding av pakken i løpet av 2019. Fylkesrådmannen vil kome attende til saka om det ligg an til at ein ikkje får noko stortingsvedtak på utviding av pakken i 2019.

*Stord vestside (Stord og Fitjar kommunar)*
Til prosjekt på Stord vestside er det budsjettert med 20,5 mill. kr i 2019. Det er ikkje venta avvik.

*Nordhordlandspakken (Lindås, Radøy, Meland, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen kommunar)*
I 2019 er det budsjettert med 270 mill. kr der ein stor del er føresett finansiert med bompengar.

Trafikksikringstiltak – undergang på fv. 564 er under bygging og venta ferdigstilt til skulestart 2019. Strekninga Marås – Soltveit er klar til utlysing. Oppstart er venta tidlegast ved utgangen av 2019.

Fylkesrådmannen vil koma attende til budsjettet for Nordhordlandspakken etter 2. tertial.

*Åsen-Helleskaret (Os kommune)*
Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak i sak 60/2016, der Hordaland fylkeskommune godkjende oppstart av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret i Os kommune. Fylkeskommunen skulle dekka 1/3 av ein estimert prosjektkostnad på 61 mill. kr. Os kommune skulle stå for 2/3 av kostnadane, ved hjelp av rekkefølgjekrav/bidrag frå utbyggjarar.

Prosjektet vart ikkje starta opp ettersom tiltaket viste seg å bli vesentleg dyrare enn føresett i saka. Os kommune har arbeidd vidare med prosjektet, og det er venta at kommunen vil vedta ny reguleringsplan. Kommunen planlegg dette som eit kombinert VA- og vegprosjekt. Kostnadsoverslaget viser 118 mill. kr eks. mva for vegdelen.

Det blir no arbeidd med å få kostnadane for prosjektet ned. Fylkesrådmannen vil saman med Os kommune vurdere nærare konsekvensane av foreslåtte kostnadskutt, og kvalitetssikre kostnadsestimata inklusive avsetjing for usikkerheit.

Det er som tidlegare lagt opp til at Os kommune finansierer 2/3 og fylkeskommunen 1/3 av fylkesvegdelen av prosjektet. I og med at kommunen kombinerer prosjektet som eit VA og vegprosjekt, ser fylkesrådmannen det som naturleg at Os kommune står som byggherre.

Kommunen planlegg oppstart av prosjektering i 2019 og ferdigstilling samtidig med at E39-prosjektet Svegatjørn – Rådal opnar i 2022. Dermed er det behov for midlar til prosjektering i 2019. Fylkesrådmannen vil koma attende til fylkestinget med den samla finansieringa av prosjektet.

*Kollektivterminal Voss (Voss kommune)*
Det er budsjettert med 7 mill. kr som fylkeskommunen sin del av prosjektet i 2019 til sluttføring.

*Fv 7 Øystese-Ålvik – Granvin (Kvam herad/Granvin herad)*
I budsjettet for 2019 er det sett av 10 mill. kr til utbetring av smale parti og flaksehalsar. Vegen er omkøyringsveg for E16 når denne er stengt mellom Trengereid og Voss. Konkurransegrunnlaget for tiltaka vert lyst ut med det første.

## Strekningsvise prosjekt - rassikring

*Furubergfossen bru (Kvinnherad kommune)*
Budsjettet for bruprosjektet er 36 mill. kr i 2019. Kontrakt med entreprenør vart signert i november 2018 og det er starta fjellsikringsarbeid. Det er vidare arbeid opp mot Vegdirektoratet med godkjenning av brukonstruksjonen.

*Kroka- Årsnes og Kroka- Sunndal, framdrift- og gjennomføring (Kvinnherad kommune)*
Statens vegvesen ved prosjektleiar for Kvinnheradpakken orienterte i april 2019 utval for miljø og samferdsel om framdrift og gjennomføringsstrategi for rassikringsprosjektet ny tunell Kroka-Sunndal og utbetring av vegstrekninga Kroka-Årsnes. Det blir lagt opp til konkurranseprega dialog og totalentreprise med samspel som kontraktsform slik at ein kan sjå begge prosjekta i samanheng, få raskare framdrift og tidlegare involvering av entreprenørane. Statens vegvesen planlegg å lyse ut prosjektet like over sommarferien. Fylkesrådmannen er positiv til val av kontraktsform for dette prosjektet og vil kome attende til eventuelle finansielle konsekvensar med dette valet.

*Andre rassikringsprosjekt*
Det er budsjettert med 65,3 mill. kr til andre rassikringsprosjekt i 2019. Denne summen er delt på ei rekkje prosjekt i samsvar med det som går fram av budsjettdokumentet.

## Opprusting, fornying og mindre utbetringar

Det er samla budsjettert med tiltak for 320 mill. kr for desse postane. Det er svært mange prosjekt under arbeid innanfor kategoriane;

- Tunneloppgradering
- Bruer og kaiar
- Forsterking
- Sikringstiltak tunnel
- Kollektiv
- Trafikksikring
- Gange og sykkel
- Miljø og service
- Grunnerverv

- Planlegging

Etter 1. tertial er det rapportert om prognose på meirforbruk på opp mot 50 mill. kr der noko av avviket skuldast at prosjekt vert ferdigstilte i 2019, medan løyvinga vart gjeven i 2018.

Fylkesrådmannen vil koma attende til desse postane i rapporten etter 2. tertial ettersom ein då har sikrare overslag både for kostnader og framdrift, men vil knyte nokre kommentarar til kategoriane Sikringstiltak tunnel og Gange og sykkel:

*Sikringstiltak tunnel*
I samband med sak om ekstramidlar til fylkesvegar i 2018 gjorde utval for Miljø og samferdsel vedtak om å tildele 4 mill. kr til tryggingstiltak i tunnel der m. a. kvitkalking vart skissert som eit aktuelt tiltak. Statens vegvesen ønskjer i staden å prioritere tiltak som har lengre levetid enn kvitkalking. Dette er tiltak som betre lys i tunnel, bergsikring og rensk av tunnelprofil . Fylkesrådmannen sluttar seg til Statens vegvesen sin faglege vurdering om å omdisponere midlane. Det er sett av 30 mill. kr til sikringstiltak i tunnel.

*Gange- og sykkeltiltak i Sveio og Stord*
I saka om tildeling av midlar frå tilskotsordninga Trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring (politisk sak 39/2019, handsama i MISA 10. april) gav fylkesrådmannen uttrykk for at nokre av tiltaka som ikkje vart tildelt midlar ville verte fylgt opp i etterkant. Her vart tiltak «Fv6 Sveio sentrum – Fortau» i Sveio kommune trekt fram som eit godt trafikksikringstiltak sentralt i kommunen, og kommunen stiller med ein solid eigendel. Tiltaket er byggjeklart og fylkesrådmannen tilrår å sikre finansiering på 2,25 mill. kr innanfor denne kategorien.

Byggjeklart er også tiltak «Fv67 Litlabøvegen - Gs-tilbod langs vassleidningstrasé» som Stord kommune søkte om tilskot til frå same tilskotsordning, men andre prosjekt vart prioritert høgare. Tiltaket er kombinert med eit kommunalt VA-prosjekt. Stord kommune er positiv til eit spleiselag om dette prosjektet, men ønskjer eit fylkeskommunalt bidrag på 5 mill. kr. Fylkesrådmannen finn rom for eit fylkeskommunalt bidrag på 3 mill. kr innanfor rammene i budsjett 2019.

Det vert tatt høgde for at finansiering av desse to tiltaka kan løysast gjennom programområdet gang- og sykkeltiltak utanfor Bergen. Samla er det dermed forslag om å nytte 5,25 mill. kr til desse prosjekta innanfor denne kategorien.

*Tilskot auka sykkelbruk*
Staten har gitt tilsegn til to prosjekt i Hordaland i samband med tilskotsordninga for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Dei to prosjekta er fv. 209 Sartorvegen/Arefjordsvegen og fv. 61 Hystadvegen. HFK forplikta seg i søknaden til å bidra med 50% av finansieringa av desse prosjekta som har ei totalramme på om lag 24 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome attende til finansiering når framdriftsplanen for prosjekta er nærare avklart.

## Bybanen

Byggetrinn 3, Lagunen – Flesland, vart opna for trafikk i august 2016. Siste etappe av byggjesteget til Flesland vart opna i april 2017, og det er sett av 30 mill. kr i 2019 til endelig avslutning av regnskapet for denne strekninga.

For byggetrinn 4, Bergen Sentrum – Fyllingsdalen, er det sett av 1 734 mill. kr i 2019. Styringsramma for denne strekninga er rekna til 7 101 mill. 2017-kr. I denne ramma inngår Bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkeltunnel gjennom Løvstakken. Gjennom Miljøløftet dekker Staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av Bybanetraseen og 100% av sykkelvegen. Det resterande er føresett finansiert med bompengar og nokre andre lokale bidrag.

Status for prosjektet er at arbeidet er starta for den største enkeltentreprisen; tunnel gjennom Løvstakken og depot. I tillegg pågår arbeid i Fyllingsdalen, tunnelarbeid på Kristianborg, i Fløen og på mur langs Bane

NOR sine areal. Det pågår også tingingar og prisarbeid knytt til andre delar av prosjektet som gjeld områda Fløen, Kronstad og Mindemyren. Grunnerverv for prosjektet pågår også framleis.

Det er pr. 1. tertial ikkje venta budsjettmessige avvik for byggesteg 3 eller 4 i 2019.

## Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg og anlegg  i fylkeskommunal eige. Fylkeskommunen har påtatt seg kostnadar på 0,4 mill. kr knytt til naudsynt sikringsarbeid ved Moster Amfi. Dette er eit anlegg som fylkeskommunen og Bømlo kommune har felles ansvar for, og ein rår til at fylkeskommunen sin del vert dekt innanfor denne løyvinga. Fordelinga av dei resterande midlane kjem ein attende til.

## Tannhelse

I budsjettet for 2019 er det sett av 25 mill. kr til ombygging og nybygg. Av dette er 24 mill. kr løyvd til nye Nesttun Tannklinikk. Vidare er det løyvd 1 mill. kr til ny Tannklinikk i Øygarden. Samla forbruk hittil i år er på om lag 6,5 mill. kr, og av desse er om lag 5 mill. kr nytta til Nye Arna Tannklinikk.

Ny tannklinikk i Øygarden er tatt i bruk, og her vert kostnaden lågare enn budsjettert. Dette skuldast at kostnadar heller blir betalt som ein del av leiga. For Nesttun tannklinikk er innvendig riving fullført, og planlegging av ny klinikk pågår for fullt. Planlagt oppstart for byggearbeid er til hausten; med opning av ny klinikk sommar/ haust 2020. I høve til løyvinga får ein dermed noko forsinka framdrift.

Bygginga av ny Arna tannklinikk pågår, basert på løvyingar frå 2018, og framdrifta er i samsvar med reviderte framdriftsplanar.

Ein ser det er nokre klinikkar/prosjekt som kan vere aktuelle for tiltak i løpet av året. Ein legg opp til å kome attende til eventuelle framlegg til budsjettjusteringar i rapport pr. 2. tertial.

## Fellesfunksjonar

*Fylkeshuset – ombygging og opprustning*
Det er løyvd 48 mill. kr i 2019 til nytt fylkesbygg. Løyvinga var knytt opp mot planlegging av nytt bygg samt flytting til og tilrettelegging av leigelokale på Sandsli. Det var vidare lagt til grunn at samla kostnad med nytt fylkesbygg vert rekna til 910 mill. kr.

Kontrakt med entreprenør (LAB) om samspel vart signert 24. april. Avtale om bygging vert å kome attende til haust 2019. Prosjektet er no over i ei samspelsfase kor målet er å optimalisera bygget. Sak om bygginga skal skje i eigen regi eller i eit aksjeselskap vil bli framlagd i fylkestinget i juni.

Ein rår til at budsjettet for inneverande år ligg fast, men at ein kjem tilbake til framdrift, rammer og behov for løyvingar i samband med tertialrapport nr 2 for 2019 og i budsjett for 2020.

*Tilfluktsrom*
Prosessen med å avklare behov og avklare med tilsynsmyndigheter pågår. Gjennomføring av tiltak er noko forsinka i forhold til takten lagt opp til i budsjettet, og det kan difor bli eit mindreforbruk for inneverande år.

*Sal av eigedom*
Det er i budsjettet for 2019 lagt til grunn sal av eigedomar for 50 million kroner. Garnesstølen er solgt til Bergen kommune for om lag 19 million kroner. Vidare ligg både eigedom på Heiane, Stord og eigedom på Melkeplassen ute for sal. Det er motteke bod på Melkeplassen som blir framlagd fylkestinget i juni for

godkjenning. Ein legg til grunn at budsjettmålet for 2019 vert nådd, men at det pt. ikkje er grunnlag for å endre budsjettet for 2019.

## Oppsummering investeringar

Fylkesrådmannen har ikkje forslag til budsjettendringar i investeringsbudsjettet for 2019 etter 1. tertial. Fylkesrådmannen vil kome attende til eventuelle justeringar av investeringane ved rapportering etter 2. tertial. Då er ein komen lengre i dei ulike prosjekta og har sikrare haldepunkt for korleis ein vil kome ut i 2019.

## Drift

## Revidert nasjonalbudsjett 2019

Skatteoverslaget for kommunesektoren er oppjustert med om lag 1,5 mrd. kr. KS har i sin prognosemodell lagt inn 157 mill. kr av denne auken til fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune kan i følgje modellen vente å få om lag 6 mill. kr meir i skatt/inntektsutjamning enn budsjettert.

Kostnadsdeflatoren for kommunesektoren er justert opp frå 2,8 % til 3,0 %.

I rammetilskotet til fylkeskommunane vert det gjort ein liten korreksjon. Det gjeld kompensasjon for pensjonsutgifter i Statens vegvesen. Ein del av dette skal dekkast av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune er venta å få 7,235 mill. kr i auka rammetilskot til dette.

Regjeringa løyver 24 mill. kr til å støtte opp om null- og lågutsleppsløysingar i fylkeskommunale snøggbåtsamband. Miljødirektoratet skal fordele løyvinga på aktuelle prosjekt.

## Politiske organ
## Økonomi og organisasjon

Så langt kjenner ein ikkje til nemnande avvik på desse områda. Det mest usikre er om kostnadene ved regionreformen vil halde seg innanfor den budsjetterte summen.

## Lønsavsetjing/ pensjonskostnader

Dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren ser ut til å ende opp med ei ramme på 3,2 %. Dette stemmer godt med budsjettet, der det er lagt til grunn lønsvekst på 3,25 %.

KLP har i april lagt fram ny prognose for pensjonskostnadene i 2019. Den nye prognosen er om lag 7 mill. kr høgare enn den som kom i september 2018, og som budsjettet byggjer på.

## Opplæring

Prognosen for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskriding på 19 mill. kr.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskriding på 15 mill. kr. Om lag 12 mill. kr av meirforbruket vert dekka ved overføringar frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosen for dei vidaregåande skulane om lag 3 mill. kr i meirforbruk.

Utover budsjettoverskridinga på skulane er det prognose på 16 mill. kr i meirforbruk på andre postar i opplæringsbudsjettet. Mellom anna gjeld det avvik i høve til at det er fleire elever som går ut i lære, noko som gir auka utgifter. Det er også noko høgare forbruk til fagprøver og utgifter til gjesteelever.

Fylkesrådmannen følger kostnadsutviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemd. Avdelinga er særs viktig for totaløkonomien, og det er avgjerande å ha kontroll med kostnadsutviklinga i opplæringssektoren. For å sikre positiv utvikling er det viktig å halde fram med eit sterkt økonomifokus, og å heile tida evaluere kva tiltak ein skal setje i verk. Fylkesrådmannen er ikkje nøgd med meirforbruket, men vil peike på at det er tidlig på året, og at det framleis er mogleg å betre dette ved målretta tiltak.

## Tannhelse

For tannhelsesektoren er prognosen dårlegare enn den var på tilsvarande tidspunkt i 2018; 10 mill. kr i negativt budsjettavvik mot balanse rapportert pr. april 2018. Resultatet i 2018 vart negativt til slutt, men det vart betre enn resultata tidligare år. Hovudgrunnar til ein betre trend i 2018 var eit sterkare fokus på økonomi, oppseiing av lønnsavtalar (bonus- og provisjonsavtalar) som reduserte kostnadsnivået og auke i statlege inntekter.

På klinikknivå er det både negative og positive budsjettavvik pr. april 2019, men samla sett har klinikkane eit mindre negativt budsjettavvik. På tannhelseavdelinga og fellesfunksjonar er det eit meirforbruk, mellom anna når det gjeld utstyr og materiell. Eininga som tyngar tannhelseøkonomien mest er TkVest/Hordaland. Her er det framleis økonomiske utfordringar, og senteret ligg også i 2019 an til eit underskot. Hovudproblemet er ein vidare auke i kostnadane. Pasientinntektene ved senteret har gått opp samanlikna med 2018.

Pasientinntektene er viktig for det økonomiske resultatet. I 2018 var det ein samla nedgang i inntektene, og ved særskilte klinikkar var inntektsreduksjonen stor. Pr. april 2019 er pasientinntektene om lag 1 mill. kr lågare enn på same tidspunkt i 2018.

Fylkesrådmannen har sett i verk fleire konkrete tiltak som vil få effekt i 2019. Utover det har fylkesrådmannen sett av ressursar til ein gjennomgang av heile tannhelse sin økonomi med særskild merksemd mot TkVest/Hordaland. Aktuelle punkt for gjennomgang ved senteret vil vere det totale kostnadsnivået, økonomistyringa og dei ulike finansieringskjeldene. Målet med tiltaka og gjennomgangen er å få ein økonomisk trend som gjev eit betre resultat ved årets slutt enn det prognosen pr. april for tannhelse skulle tilseie.

## Regional utvikling

Regionalavdelinga rapporterer ikkje om vesentlege avvik i rekneskapen pr. april, og ein prognose i samsvar med budsjettet som det mest sannsynlege resultat for 2019.

## Konsesjonskraftinntekter

Fylkeskommunen har tilgang til vel 400 GWh konsesjonskraft frå ulike kraftselskap i Hordaland. For å redusere risikoen, vert prisen på 60 % av volumet sikra i terminmarknaden. Restvolumet på 40 % vert levert i spot-marknaden. Denne delen av porteføljen vert selt til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret.

Fylkestinget vedtok eit budsjett med nettoinntekt på 70 mill. kr frå sal av konsesjonskraft. Prognosen pr. april er på knapt 65 mill. kr, altså ein svikt på 5 mill. kr.

## Samferdsel

*Fylkesvegvedlikehald*
Statens vegvesen sin årsprognose tilseier balanse ved årets slutt. Eit uvisst moment er nye drifts- og vedlikehaldskontraktar som i verste fall kan auke kostnaden med 30 mill. kr. Vidare har ikkje prognosen som tilseier balanse teke høgde for hendingar som påverkar vegstrukturen, og som krev akutte tiltak. Erfaring tilseier at det kan koma ras og uver av ein slik storleik at det fører til kostnadar utover det som er

budsjettert. Såleis kan prognosen verta endra ved neste rapportering pr. 2. tertial. Når det gjeld budsjettvedtak for 2019 som omhandlar midlar til dekkelegging, 45 mill. kr, og trygg skulevegg og punktutbetring, 42 mill. kr, så er det lagt fram saker i MISA om desse midlane.

Fylkesrådmannen vil nemne Hjertesoneprosjektet i Bergen der det vert lagt vekt på å gjennomføre ein prosess med alle skulane i kommunen. Det er behov for å forlenge prosjektperioden fram til våren 2020. Fylkesrådmannen tilrår derfor å forlenge engasjementet til prosjektleiar eit halvt år og auke den fylkeskommunale løyvinga med kr 250 000. Det vert føreset at Bergen kommune løyver tilsvarande sum. Det vert lagt til grunn at den fylkeskommunale løyvinga blir dekka inn over fylkestrafikksikringsutvalet sitt budsjett.

*Kollektivtransport*
Skyss melder prognose om negativt budsjettavvik på 30 mill. kr ved utgangen av året. Inntektssida er så langt lik budsjettert nivå, medan det på kostnadssida er ein del moment som gjer at Skyss går mot eit negativt resultat. Det dreier seg om følgjande moment; indeksreguleringar på ferjer og bilruter, og høgare kostnadar til skuleskyss enn budsjettert.

Eit moment som hadde stor merksemd i 2018, og som vart prioritert i budsjett for 2019 var tiltak mot reisande som ikkje betalar; også kalla inntektssikring. Tala så langt for 2019 syner at intensivert billettkontroll har hatt stor effekt. Delen som ikkje betalar er monaleg redusert; frå 11 % pr. 1. kvartal 2018 til 6 % pr. 1. kvartal 2019. Stipulert meirinntekt på ein slik halvering av delen som ikkje betalar utgjer omlag 20 mill. kr.

Utover dette syner tala i byrjinga av 2019 ein vidare auke i det totale talet på kollektivreisande; noko som er særs gledeleg.

Tidleg i året er det framleis mange moment med grad av økonomisk uvisse. Desse kan endre årsprognosen for 2019 når ein kjem til 2. tertial. Det dreier seg mellom anna om; indeksreguleringar, nye busskontraktar, skuleskyss og effektane av billettkontrollar. Alle tiltaka som vart vedteke i budsjettet for 2019 i desember er anten følgt opp eller er under arbeid. I budsjettet for 2019 vart det også vedteke ein gjennomgang av Skyss der målet var effektivisering. Som følgje av dette har ein endra fleire arbeidsprosessar, og leiarstillingar vert haldne vakante fram til ny kollektiveining for Vestland er på plass.

*Totalt samferdselsektoren*
Når det gjeld andre budsjettområde innanfor samferdselsektoren, utanom veg og kollektiv, er det ikkje grunnlag for å melda budsjettavvik på dette tidspunktet.

Med balanse som førebels prognose for fylkesvegvedlikehald og 30 mill. kr i negativt budsjettavvik meldt for kollektivtransporten, vert prognosen pr. 1. tertial for samferdselsområdet eit negativt avvik på 30 mill. kr samanlikna med budsjett.

## Kultur og idrett

Kultur og idrettsavdelinga rapporterer om prognose som er i samsvar med budsjett. Kultur- og idrettsavdelinga har store delar av utgiftene knytt til løyvingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile. Det er difor også i år relativt liten usikkerheit knytt til prognosen for kultur og idrett, sjølv om avdelinga melder om noko usikkerheit knytt til enkelte postar i budsjettet.

## Eigedom

Årsprognosen for 2019 syner mindreforbruk på 1 mill. kr. i høve til budsjett. Det positive avviket skuldast lågare forsikringskostnader og innsparing knytt til leige/utleige. Eigedomsavdelinga melder positive og negative risikofaktorar i tertialrapporten, men fylkesrådmannen har tru på at avdelinga vil fortsette den stramme styringa og levere eit godt resultat ved årsslutt.

## Skatt og rammetilskot

Det er to tilhøve som er avgjerande for korleis resultatet på skatteområdet vert for HFK. Det fyrste er om skatteoverslaget som vert sett av departementet for 2019 slår til. Det andre er korleis det faktiske skattenivået til HFK er samanlikna med gjennomsnittet av alle fylkeskommunar.

Pr april er situasjonen at førebelse tal syner at skatteinngangen er tett opp til budsjettert skatteoverslag. Det gjer at med same utvikling vidare gjennom året så vil det ikkje verte nemnande avvik på skattekapitlet.

I revidert nasjonalbudsjett for 2019 er overslaget for dei samla skatteinntektene for kommunesektoren auka med 1,5 mrd. kr. Førebels er vurderinga at skatteanslaget til HFK kan aukast. Skatteanslaget som ligg inne er allereie 5 mill. kr høgare enn det opphavlege anslaget frå sentralt hald. Prognosen på skattekapittelet pr. 1. tertial vert sett til 10 mill. kr i positivt budsjettavvik. Prognosen summerer seg av eit betra skatteoverslag frå sentralt hald og eit mindre overskot på skattekapittelet pr. april.

## Renter og avdrag

Det har vore ein viss auke i marknadsrentene i 1. tertial, men dette ligg godt innanfor det ein har rekna med i budsjettet. Så langt reknar ein ikkje med vesentlege avvik.

## Oppsummering

Under er oversyn over prognosen for dei ulike områda oppsummert:

| | mill. kr |
|---|---|
| Politiske organ, økonomi og admin. | 0 |
| Pensjon/ lønsavsetjing | - 7 |
| Opplæring | - 19 |
| Tannhelse | -10 |
| Regional utvikling | 0 |
| Kraftinntekter | - 5 |
| Samferdsel | - 30 |
| Kultur og idrett | 0 |
| Eigedom | 1 |
| Skatt og rammetilskot | 10 |
| Renter og avdrag | 0 |
| TOTAL | - 60 |

Tertialrapporten etter 1. tertial 2019 viser prognose om eit negativt budsjettavvik på 60 mill. kr. ved utgangen av året. Som oversikta syner er dei overskridingane som medverkar til den negative prognosen under budsjettområda samferdsel, opplæring, tannhelse, pensjon og kraftinntekter. Skattekapittelet bidreg positivt med ein årsprognose som tilseier overskot på 10 mill. kr.

## Risikovurdering

Fylkesrådmannen har gjennomgangar av den økonomiske stoda med kvar avdelingsdirektør kvartalsvis. Her rapporterar avdelingane om den økonomiske situasjonen, og tek opp moment som har risiko for budsjettavvik.

Fylkesrådmannen vurderer at det er størst risiko for budsjettavvik innan følgjande område;

driftskostnadar på fylkesvegane, dei økonomiske resultata for skulane og kollektivtrafikkinntektene. Økonomien innanfor desse tre områda er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det er snakk om store summar. Kraftinntekter og pensjonsområdet er og område som pr. 1. tertial har blinka seg ut som område som har risiko for å bidra negativt til årsresultatet . For skatteinngangen ser det også ut som ein kan få eit mindre avvik; men då i positiv retning.

Tannhelsesektoren er ein sektor med eit relativt sett lite nettobudsjett samanlikna med opplæring og samferdsel. Likevel har sektoren gjennom fleire år hatt store budsjettavvik. Sektoren melder eit relativt stort underskot, og fylkesrådmannen vil difor ha fokus på tannhelse også gjennom 2019.

Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrett, politiske organ og økonomi- og organisasjon er det lite sannsynleg med avvik i negativ retning, og desse har i tillegg mindre økonomiske konsekvensar.

Etter 1. tertial er prognosen for opplæringssektoren ei budsjettoverskriding på 19 mill. kr. Prognosen på same tid i fjor var eit negativt avvik på 5 mill. kr. Utover risiko for overskridingar på einskilde skular, så melder fylkesdirektør for opplæring at det er størst risiko for negative bidrag til sektoren sitt resultat når det gjeld gjesteelevar og fagopplæringsområdet.

For samferdselsektoren er det eit stort negativt moment tidleg på året; kollektivområdet. Her er det alt meldt ein årsprognose på 30 mill. kr som det vil krevja tiltak å ta inn. Utover det ligg det størst risiko i prognosen som er meldt for vegvedlikehaldet. Erfaring og usikre moment kan tyda på at prognosen lik balanse ikkje vil halde. Dei siste 3 åra har det vore store overskridingar på fylkesvegvedlikehaldet. Innan kollektivtransporten kan det vere aktuelt å følgje opp momentet som går på inntektssikring for å få redusere delen av reisande som ikkje betalar; jamfør budsjettvedtak 2019 som inneber fleire kontrollar i kollektivtrafikken.

Med høg lånegjeld er rentekapitlet viktig å ha kontroll over. Som tidligare år har HFK god kontroll på dette området, og det er så langt liten risiko for større overskridingar gjennom høgare rentekostnadar enn det ein har rekna med i budsjettet. Sjølv med signal om rentehevingar i løpet av året, så er risikoen for overskridingar liten; mellom anna gjennom fastrenteavtalar som dempar konsekvensen av renteendringar.

## Budsjettmål og målepunkt

